



## MØTEPROTOKOLL

<b>Organ</b>	<b>Fylkesrådet for eldre</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Fylkeshuset Leikanger</b>
<b>Møtedato</b>	<b>29.11.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00 – 15:00</b>

**Faste medlemer til stades:** Harald Ekroll, Anna Sofia Skaar, Aud Karin Netland, Henrik Oppen

**Forfall til møtet:** Kristoffer Skjolden

**Varamedlemer til stades:** Astrid Martinsen

**Til stades med møte- og talerett:**

**Sekretariat for møtet:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteprotokoll frå 21. september 2017 vart godkjend utan merknader.

### Orienteringar:

Eli Anne Wangen frå fylkesmannen orienterte om pasientbehandling på demensavdelingar, og korleis stoda for dette er i fylket.

Vidar Øvrebø og Cecilie Solvang orienterte om regelverket og organiseringa kring pasientreiser.

### Fylgjande skriv vart lagt fram til orientering:

#### Meldesak 1) Brev frå tenesteleiari for Gaular bygde- og sjukeheim om den offentlege tannhelsetenesta

Tenesteleiari for Gaular bygde- og sjukeheim har sendt inn bekymringsmelding til eldrerådet i Gaular, om tannhelsetenesta for mottakarar av helse- og omsorgsteneste. Sjå vedlegg for detaljar i brevet.

Konklusjon: Fylkesrådet for eldre har tidlegare sendt uttale til fylkestannlegen om bekymring for nedlegging av tannklinikkar.

I saksframlegget til fylkestinget 14. juni 2016, står det m.a. at «innbyggjarane skal ha likeverdige tenester i høve tilgjenge og kvalitet, og tilbodet skal gjevast med ein effektiv ressursbruk og i tråd med prinsippet om tenester på best eigna omsorgsnivå.» Under punktet om kva det vert lagt vekt på i den framtidige klinikk- og tenestestrukturen skal oppfylle av krav, står det i eine kulepunktet: «eit godt samarbeid med kommunane om etablering av undersøkingsrom og enkle behandlingseiningar knytt til kommunehelsetenesta».

Fylkesrådet for eldre er kjent med at bekymringsmeldinga er handsama i eldrerådet i Gaular, og sendt til fylkestannlegen. Fylkesrådet for eldre har ynskje om informasjon frå fylkestannlegen om korleis tannhelsetenesta fungerer i praksis etter endringa av klinikksstruktur ut mot brukarane, og då spesielt dei eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.

**Meldesak 2) Eldrerådsdagen 1. oktober i Askvoll**

Harald møtte i Askvoll denne dagen, og orienterer om tema som var oppe. Pensjonistlaget og eldrerådet i Askvoll som arrangerte eldredagen. Harald orienterte om arbeidet til fylkesrådet på møte i Askvoll.

**Meldesak 3) Høyringsuttale frå fylkesrådet til handlingsplan for trafikktrygging**

Fylkesrådet for eldre har sendt inn høyringsuttale til dokumentet handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021. Sjå vedlegg for detaljar i høyringsuttalen.

**Meldesak 4) Orientering frå Helse – og omsorgsdepartementet om aldersgrense for kreftbehandling**

Departementet informerer om at det generelt ikkje er noko aldersgrense for kreftbehandling. Behandlinga skal vere basert på ei individuell vurdering i kvart enkelt tilfelle og fastsettast i dialog med pasienten. Sjå vedlegg for meir informasjon.

Konklusjon: Aud Karin tek med seg denne informasjonen til brukarutvalet i Helse Førde.

**Meldesak 5) Rutekjøp og rutetilbod 2018**

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober rutetilbod for 2018. Rutekjøpssaka omhandla mellom anna:

- Innspel frå kommunar og andre interesserte
- Administrative endringar
- Vidareutvikling av kollektivtilbodet
- Takst for ferje, båt og buss i 2018

For å få ei fullstendig oversikt over saka kan de gå inn på Sogn og Fjordane fylkeskommune sine nettsider og lese saka. Saksprotokollen finn de som vedlegg i dette saksframlegget.

**Meldesak 6) Retningslinjer for serviceskyss og TT-ordninga i Sogn og Fjordane**

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober 2017 nye retningslinjer for både serviceskyssen i Sogn og Fjordane, og TT - ordninga i Sogn og Fjordane. Dei nye retningslinjene er gjeldande frå 1. januar 2018.

I løpet av veke 49 og 50 skal samferdsleavdelinga ha møte med dei tilsette i kommunane som jobbar med desse to ordningane, for å informere og få til eit tettare samarbeid med kommunane om ordningane.

Oppdaterte retningslinjer for serviceskyss og TT - ordninga finn de som vedlegg i dette saksframlegget.

Konklusjon: Fylkesrådet registrerar at vi ikkje har fått retningslinjene på høyring, og ved seinare høve ynskjer fylkesrådet å få tilsvarande saker til høyring. Med bakgrunn i dei reviderte retningslinjene, oppmodar fylkesrådet at dei kommunale råda set seg inn i dei reviderte retningslinjene for serviceskyss og TT-ordninga.

**Meldesak 7) Vestlandskonferansen 7. – 8. mai 2018**

Rogaland har meldt inn fylgjande tema til konferansen:

- Saker til landskonferansen
- Organisering av samarbeidet på Vestlandet i framtida
- Høyringa av eldrelova (forskrift om råd for eldre, unge, funksjonshemma)

Konklusjon: Sogn og Fjordane har ynskje om å ha måltid og kosthald som eit tema, i tillegg til forslaga som er kome inn. Skisse for program bør vere klart til 6. februar.

Fylkesrådet for eldre har møte i samband med Vestlandskonferansen, 7. mai kl. 09.00 – 11.30.

**Meldesak 8) Ymse**

- Budsjett for 2018 – utifra planlagt aktivitet, ser det som at kan kome litt over budsjettet
- Årsmelding for 2017. Sekretær sender ut forslag til utkast til medlemmane i fylkesrådet ved nyttår, og medlemmane kjem med innspel. Årsmeldinga vert vedteken på møte 6. februar 2018.
- Informasjon frå Harald:
  - Lesarinnlegg frå Eid eldreråd om at det er viktig at dei eldre må kjenne seg trygge
  - Høyningsnotat som eldrerådet i Stryn har hatt til orientering, om forslag til endring av forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator §3. Forslaget til endringa i forskrifta er sendt ut frå Helse- og omsorgsdepartementet
  - Reumatologi i Helse Vest, regional plan 2017 - 2023

**SAK 12/17      Møtedatoar 2018 - fylkesrådet for eldre**

**Frå sekretariat låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Møteplan vert vedteken slik den ligg føre:

- 6. februar
- 7. mai
- 11. september
- 13. november

**Avrøyting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Møteplan vert vedteken slik den ligg føre:

- 6. februar
  - 7. mai
  - 11. september
  - 13. november
- 

**SAK 13/17      Høyring planprogram regional plan for kultur - fylkesrådet for eldre**

**Uttale frå fylkesrådet for eldre vert skrive i møte 29. november 2017**

Endringsframlegg:

Fylkesrådet for eldre har fylgjande uttale til planprogrammet for regional plan for kultur:

- Det er viktig med medverknad i planarbeidet, der frivillige og brukarane vert involvert
- Det bør vere samarbeid med institusjonane i samband med planlegging og gjennomføring av kulturtiltak. Vi tenker då spesielt samarbeid med helse- og omsorgsinstitusjonar
- Planarbeidet bør sjåast i samanheng med den regionale planen for folkehelse
- Det er viktig å bygge opp, og støtte opp under ulike kulturarenaer og møteplassar rundt om i fylket
- Det er bra at biblioteka er nemnd i denne samanhengen, sidan dette er møteplassar rundt om i kommunane, for alle aldersgrupper. Vi ser det som positivt at dette er møteplasser på tvers av alders- og brukargrupper

- Den kulturelle spaserstokken er ikke teke med under oversikta for dei nasjonale føringane, men vi reknar med at dette er ordning som held fram

**Avrøyting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

Fylkesrådet for eldre har fylgjande uttale til planprogrammet for regional plan for kultur:

- Det er viktig med medverknad i planarbeidet, der frivillige og brukarane vert involvert
- Det bør vere samarbeid med institusjonane i samband med planlegging og gjennomføring av kulturtiltak. Vi tenker då spesielt samarbeid med helse- og omsorgsinstitusjonar
- Planarbeidet bør sjåast i samanheng med den regionale planen for folkehelse
- Det er viktig å bygge opp, og støtte opp under ulike kulturarenaer og møteplassar rundt om i fylket
- Det er bra at biblioteka er nemnd i denne samanhengen, sidan dette er møteplassar rundt om i kommunane, for alle aldersgrupper. Vi ser det som positivt at dette er møteplasser på tvers av alders- og brukargrupper
- Den kulturelle spaserstokken er ikke teke med under oversikta for dei nasjonale føringane, men vi reknar med at dette er ordning som held fram

---

**SAK 14/17      Skriv og melding 29. november 2017 - fylkesrådet for eldre**

**Frå sekretariat låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

**Avrøyting:**

Samrøystes

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Tilråding til vedtak:**

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

